

# Reguleringsarbeid RV 9 – Byklestøylane – Hartevatn.

Informasjonsmøte 19. aug 2021

Stad: Bykle samfunnshus.

Til stade: Deltakarliste

- Statens vegvesen (SVV): Pål Helge Paulsen (plan), Sigurd Wiberg (utbygging) og Kristian Langan (grunnerverv).
- Bykle kommune (BK) : Ida Larsen Reinsviki, Sigrid Bjørgum og Signe Sollien Haugå frå planavdelinga.

*Hugs:*

*Alle innspel må vere skriftleg – for å bli handsama.*

*Frist for å kome med innspel er 2. sept.2021.*

## Orientering/ informasjon:

### Planarbeidet

Planområdet er 16 km. Forsert utbygging av parsellen Badstogdalen – Hartevatn, 3 km, - blir starta i haust.

Dette er primært eit utbetningsprosjekt – nokre plasser må ein bygge litt ny veg/lineføring.

Vegstandard 7,5 m inkl. asfaltert skulder (3 m kjørefelt) – HØ1-standard. Fartsgrense 80 km.

Auka trafiksikkerheit og betre trafikkavvikling, kurvatur, sideareal, busslommer, ljossetting mv. skal vurderast.

### Planprosessen

Gjennomført oppstartmøte med kommunen, og kunngjort oppstart. SVV legg planen ut til 1.gongs offentleg høyring/ettersyn. Kommunen tek 2.gongshandsaming /vedtak. Tentativ framdrift: 1.gongs utlegging jan. 2022. Alle rørte partar vil få planen til uttale.

Registrering av naturmangfald, arkeologi og kulturminne, grunnboring mv er under arbeid hausten 2021. Registreringane vil vere underlag for fastsetting av endeleg vegline.

Grunnervervet skjer i samsvar med vedteken reguleringsplan, primært ved minnelege avtaler, Dialog blir etablert med grunneigarane undervegs. (ev. planen ekspropriasjonsgrunnlag dersom ein ikkje kjem til omforeint opplegg for grunnavståing)

Prosjektet blir truleg delt opp i parsellar i høve utbygginga, då ein ikkje ser føre seg å bygge alt under eitt.

For perioden 2022-2027 ligg det inne: 500 mill., -øyremerka RV 9 i NTP – handlingsprogrammet.

Pårekeleg ferdigstilling av heile strekningen innan 2026. Prosjektet er stateleg finansiert. + nokre konsesjonskraftmidlar avsett i Fylkeskommunen. Innsparing i tidlegare prosjekt finansierer utbygginga som tek til i haust.

### Førebelse tankar kring lineval

Det vart synt modell på førebels traseval – hovudvegen. Linja vil bli jobba vidare med og kjem til å bli justert.

### Grunnervervsprosess

Grunnervervet skal sikre areal til plangjennomføring- dvs. utbygging.

Målet er alltid å finne dei best moglege løysingane. Det vil vere viktig å få innspel og så vil ein måtte ta avvegingar mellom tekniske omsyn og ulike interesser/tema for lineføringa.

SVV nyttar tre måtar for grunnerverv. Det er mest vanleg er å inngå minneleg kjøpekontrakt (areal og ev avbøtande tiltak og erstatning). Alternativt tiltreding- / arbeidsavtale – avklaring av erstatning i etterkant ev ved skjønn. Siste utveg er ekspropriasjon - med utmåling av erstatning fastsett ved skjønn. Over 90 % vel minnelege avtaler og er mest tenleg for baa partar.

Det er eigeidomen sitt økonomiske tap som skal erstattast.

Møtelyden vart oppmoda til å ta kontakt vedrørande ev feil eller manglar i eigeidomsgrenser så snart som råd.

### Kommunen si rolle og fokus

Gul midtstripe til Hovden er eit mangeårig prosjekt. Kommunen er veldig glade for at parsellane i Bykle no står for tur. Ein opplev sært god samhandling med SVV om planarbeidet og vil tilstreve å legge til rette for eit raskt og godt planarbeid. Det viktigaste er god framkome og trygg veg. Kommunen som planmynde skal medverke til at ulike omsyn for både fastbuande og gjennomgangstrafikk, og at ulike trafikantgrupper blir best moglege i vareteke.

Det vart referert til ein del av tematikk som kommunen har bedt SVV ivareta, som stoppeplassar og tilgjengelegheit til vassdraget, kulturminne, syklistar, løypekryssingar, kollektivtransport(busslommer), kryss og avkjørsleutformingar, trekkerøy og kraftliner i jord og kor det ev er aktuelt med vegljøs. I tillegg er omsyn til vilt og trekkvegar og biologisk mangfald viktig. Og som i alle planar risiko- og sårbarheit, samfunnstryggleik og miljø viktige tema.

Kommunen har bedt om at ein på overordna /forprosjektnivå også vurderer alternativ line for å vere sikre på at Hoslemokleiva får den over tid beste lineføringa. (Dersom det skulle syne seg aktuelt å utgreie nærare alternativ line vil denne bli konkretisert i eigen /utvida regulering på denne strekka)

Administrasjonen vil og arbeide med å få til god forankring både administrativt og politisk i kommunen.

## Spørsmål og drøftingar:

Spørsmål kring ev ønskje om nedsett fartsgrense på delstrekningar.

Det vart vist til at vegen vil ha 80-km- fartsgrense – vist til handbok og kriteria for ev nedsett fart på strekningar. Fotgjengar-overgang er berre aktuelt i 50-km soner eller lågare. Ikkje aktuelt med fotgjengarfelt på Rv 9.

Spørsmål til breidde av bandlagt areal langs riksvegen:

Ny standard krev breiare bandlagte sideområde i høve sikkerheitstiltak, medan vegkroppen blir ca. 1 m breiddeutvida. Grunnerverv 5-6 m utanfor vegen vil bli erverva. Ikkje til hinder for bruk av t.d. dyrka mark/innmark – Breidda avheng av sidearealet sin karakter /stigning/fall.

Spørsmål til høgde på vegkroppen i terrenget:

Horisontalplan på veg er ikkje avklart p.t. Fleire prosjekteringsomsyn – Ein ønskjer veg som ligg litt høgare enn sideterreng men samstundes godt plassert i terrenget.

Spørsmål kring støy og ev bustader i sikrings/støysone:

Ein kan ikkje ha bustadbygg innanfor sikringssona . Det er ulike krav til avbøtande støytiltak for bustader og fritidsbustader. Støyisolering gjeld berre bustader og ev hovud-uteplass. Dette vil bli avklara i prosjekteringa - i samband med støyutgreiinga.

Spørsmål kring utbetring av teleutsette parti Byklestøylane.

Det er teleutsette parti som ikkje er omfatta av reguleringa (litt lenger sør for plangrensa), som ikkje inngår i prosjektet. Det kan likevel bli aktuelt å utbetre desse i samband med oppgraderinga av vegen, eller som utbetringstiltak uavhengig av dette.

Spørsmål kring løypekryssingar

Løypekryssingar vil bli vurdert i samband med prosjektet , ref. sti- og løypeplan og andre tidlegare prosjekteringar/utgreiingar m.a. sør for Ørnefjellskrysset. Kommunen har også teke dette opp i oppstartmøtet.

Spørsmål vedr. trafikksikringstiltak for mjuke trafikantar langs vegen:

Det vart etterpurt kryssingsmoglegheiter og ev moglegheiter for utvida vegskulder t.d. ved Byklestøylane – då auka standard og auka fart vil gjere det enda farlegare å ferdast her. Ein opplyste og om trafikksikringsplanen i regi av kommunen som både tek opp tiltak langs kommunale, fylkeskommunale og statelege vegar.

**Oppfølging:**

Alle innspel må vere skriftleg – for å bli handsama.

Frist for å kome med innspel er 2. sept. 2021.

**Kontaktinfo / spørsmål til Statens vegvesen:**

- Planarbeidet: Pål H. Paulsen – mobil 90 227 038 E-post: [Paal.paulsen@vegvesen.no](mailto:Paal.paulsen@vegvesen.no)
- Grunnervervet: Kristen Langan - mobil: 90952782 E-post: [kristen.langan@vegvesen.no](mailto:kristen.langan@vegvesen.no)
- Utbygginga: Sigurd Wiberg – mobil 95 2429 30 E-post: [sigurd.wiberg@vegvesen.no](mailto:sigurd.wiberg@vegvesen.no)

Ref. Bykle kommune

Signe Sollien Haugå

plansjef